

PROSJEKTARK

(Prosjektarka er til dels ein gjengivelse av søknaden, – til dels ein kortfatta oppsummering av søknaden. I tillegg er det kommentarar og oversikt anleggskostnad, søknadssum, samt framlegg til tilskot.)

NR 1: Askvoll kommune			
TILTAK 1:	Veglysanlegg Askvoll skule – Strømsbrua, fv. 361. Området er svært uoversiktleg og er ein viktig skuleveg for fleire elevar ved Askvoll skule. Fartsgrense er 60 km/t og fartsnivået er høgt vurdert ut frå sikten. Det har vore trafikkulukke på vegen. Ved å få opp veglys vil skulevegen bli sikrare. Veglys vert her brukt som grunnlag for å få redusert fartsnivået og få meir trafiksikker løysing for mjuke trafikantar som brukar vegen for å nytte tilbod ved Askvoll skule, Askvoll-hallen og kunstgrasbane som ligg ved skulen.		
Kommentar/ vurdering	Sjå saksutgreiinga punkt 2.5 NOTE 1. Tiltaket gjeld på fylkesveg 608, over ei strekning på om lag 900 m. ÅDT 1800 køyretøy.		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	950 000.–	712 500.–	570 000.–
TILTAK 2:	Veglysanlegg i Rivedal. Mange av skuleungane i Rivedal har forholdsvis lang veg å gå til skulebussen (opp mot 2 km), og om vinteren er det mørkt når skuleungane ferdast på vegen. Dette kan vera skummelt for dei minste barna, men det kan og oppstå trafikkfarlege situasjonar. Det er derfor sterkt ønskjeleg å få ein betre opplyst veg i bygda. Dette vil kome alle innbyggjarane i bygda til gode. Det er mange som nyttar vegen til turgåing og på kveldstid og då hadde nokre lyspunkt langs vegen auka både trivselen og trafikktryggleiken for turgåarane. Askvoll kommune har dei siste åra slutta å drifta 3 av dei 5 lyspunkta vi hadde i bygda. Privatpersonar har derfor sett opp og driftar i dag ein del lyspunkt for eiga rekning. Vi ønskjer å få drifta av desse lyspunkta over på fellesskapet samstundes som ein utvidar med nokre punkt. Vi har utarbeidd ein plan med 13 stk. lyspunkt langs dei kommunale vegane i Rivedal. Dette har ein kostnad på rundt kr. 400 000.– Det er sendt søknad til Gjensidige om støtte på kr. 250 000.–og resten av finansieringa på kr. 150 000.– er tenkt som eigeninnsats/eigenfinansiering. Vi forventar gjerne ikkje at søknaden går inn i denne omgang. Det ville styrkja prosjektet om Askvoll kommune kunne stille med rundt 100 000.– i trafikktryggingsmidlar som vi kunne langt inn i et budsjett for ein søknad til Gjensidige i 2014.		

Kommentar/ vurdering	Sjå saksutgreiinga punkt 2.5 NOTE 1. Begrensa løyving. Askvoll kommune har bra utteljing TIK-midlar siste 5 åra i høve til folketalet. (Anleggskostnaden kr. 400 000.- er i søknaden frå kommunen oppjustert til kr. 450 000.-) Begrensa løyving. Askvoll kommune har ein rimeleg utteljing TIK-midlar siste 5 åra i høve til folketalet. Gjeld kommunal veg.		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	450 000.-	337 500.-	0.-

NR 4: Bremanger kommune			
TILTAK 1:	<p>Utviding av fortau Elvabakken, fv. 614.</p> <p>Villabakken er eit buområde med mange born, men skulevegen derifrå manglar samanhengande trygg sone for mjuke trafikantar. Det er laga reguleringsplan for å løyse dette. Denne er vedteken i 2010. Planen inneber at dagens trebru innanfor «grøntstruktur» skal stengjast av når gangvegssystemet er opparbeidd. Deler av det regulerte gangvegssystemet er alt opparbeidd. I år er fortau nedover mellom «P (OFF)» og Riseelva opparbeidd. Gangbru over Riseelva er ikkje bygd, men det er utarbeidd eit skisseprosjekt for denne i år. Vidare er gangvegsparsellen langs Riseelva og austover til «P (TIL FS)» bygd på dugnad. I år ønskjer vi å søkje om midlar til bygging av fortauet sørover langs Elvavegen. Vi fekk detaljprosjektert dette i 2013, men kostnaden vart rekna til vel 2,2 mill. kr. eks. mva. Vi har difor, jfr. KST-vedtaket, sett på ei enklare løysing med utviding av eksisterande fortau.</p> <p>Det er mykje biltrafikk på Elvavegen/fv. 614, og denne auka monaleg etter opninga av Bremangersambandet 2 den 16. mai 2013. Det er høvesvis mykje tungtrafikk. Dei gåande og syklande er svært utsette på strekningen. Det er planar om etablering av fartshumpar på strekningen, men vi er ikkje sikre på om dette blir, og i alle høve må trafikken separerast.</p> <p>Dagens fortau må forlengjast, og utvidast til 2,5 m breidde. Når fortau er ferdigstilt, vil ein kunne ta opp spørsmålet om gangfelt over Elvavegen på nytt med vegvesenet.</p>		
Kommentar/ vurdering	Fylkeskommunal handlingsplan punkt B.4.2: «Arbeide for auka utbyggingstakt for gang- og sykkelvegar. Dette gjeld både riksvegar, fylkesvegar og kommunale vegar.»		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	680 000.-	408 000.-	408 000.-

NR 6: Fjaler kommune			
TILTAK 1:	Gatelys frå Flekke skule mot Haugland. Etablering av 12 gatelys frå Flekke skule og krysset mot Ilkjen. Prosjektet fekk ikkje midlar i 2015 og søker derfor på nytt. Vegen frå Flekke skule og mot Haugland har ikkje belysning. Vegen er permanent brukt av elevar ved Flekke skule og mykje brukt turveg for pasientane ved Haugland rehabiliteringssenter og UWE. Kommunal veg.		
Kommentar/ vurdering	Sjå saksutgreiinga punkt 2.5 NOTE 1. Begrensa løyving. Fjaler kommune har forholdsvis høg utteljing TIK-midlar siste 5 åra i høve til folketalet.		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	766 500.-	575 000.-	0.-
TILTAK 2:	Gatelys i øvre Øvre Hatledalen. Etablering av 8 gatelys i øvre Hatledalen ned til eksisterande gatebelysning. Øvre Hatledalen er eit byggjefelt frå 1960 som vart etablert utan gatelys. Generasjonsskifte til familiar med skuleborn og mykje brukt turveg har medført stort press på kommunen for å få etablert gatelys i dette området.		
Kommentar/ vurdering	Sjå saksutgreiinga punkt 2.5 NOTE 1. Begrensa løyving. Fjaler kommune har forholdsvis høg utteljing TIK-midlar siste 5 åra i høve til folketalet.		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	508 000.-	350 000.-	0.-
TILTAK 3:	Gatelys mellom Langehaugen og Bjergelia. Etablering av 6 gatelys frå Langehaugen byggjefelt til Bjergelia byggjefelt. Det er etablert gangveg frå Langehaugen byggjefelt til Bjergelia byggjefelt. Mørkt skogsparti utan gatelys gjer at skuleungar og andre kviar seg for å nytte gangvegen i mørkret.		
Kommentar/ vurdering	Sjå saksutgreiinga punkt 2.5 NOTE 1. Mørk «sambindingsveg» mellom bustadområder.		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	284 000.-	199 000.-	170 400.-

NR 7: Flora kommune	
TILTAK 1:	Intensivbelysning av kryssingspunkt ved skoler og barnehager. Det er dårleg sikra gangfelt på kommunale vegar ved skuleveg/rute. Ønskjer etablere intensivbelysning ved overgangane for å sikre ein trygg skuleveg for dei minste. Gjeld Nybøvegen med etablering av intensivbelysning på 2 kryssingspunkt. Og Bjørnedalsvegen med etablering av 2 kryssingspunkt.
Kommentar/ vurdering	Sjå saksutgreiinga punkt 2.5 NOTE 1. Høg kostnad. Usikker på om bruk/antal kryssande står i forhold til kostnaden. Begrensa løyving. Kommunen har forholdsvis høg utteljing

	TIK-midlar siste 5 åra, også i høve til folketalet.		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskostnad	Søknadssum	Framlegg tilskot
	1098 750.-	824 063	0.-
TILTAK 2	Etablering av fartshumpar i 30 km/t soner ved skoler og barnehager. Etablere fartshump og heva gangfelt på trafikkfarlege vegar rundt skular og barnehagar. Fartsgrensa på stadene er 30 km/t. Det manglar delvis veglys. Følgjande skular/barnehagar er prioritert: Porsvegen ved Havrenese barnehage (5 stk. humpar), Elias Melværs gata, (2 stk. humpar) Solheimsgata (4 stk. humpar), Slettevollsholten (4 stk. humpar) og Hamregata (4 stk. humpar/1 stk. heva gangfelt).		
Kommentar/ vurdering	Sjå punkt saksutgreiinga 2.5 NOTE 2. <i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt B.4.5: «Trygg utforming av trafikkområda ved skular.»		
Kostnad/ tilskot	Kostnadsoverslag	Søknadssum	Framlegg tilskot
	371 000.-	278 250.-	222 600.-
TILTAK 3	Etablering av ny av- og på stiging Flora barneskule. Dette for å sikre god tilkomst for skuleelevar til og frå skulen. Også nye veglyspunkt. Det er i dag dårleg tilkomst for skulebuss til Flora kommune sin største barneskule 1–7 klasse, og det manglar gatelys. Sikre ein trygg haldeplass for skuleelevane.		
Kommentar/ vurdering	<i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt B.4.5: «Trygg utforming av trafikkområda ved skular.»		
Kostnad/ tilskot	Kostnadsoverslag	Søknadssum	Framlegg tilskot
	369 000.-	276 750.-	221 400.-

NR 8: Førde kommune			
TILTAK 1:	Veglys Runnen. Kommunal veg. Slåtten skulekrets. Skulevegen over Runnen mellom Vie/Vieåsen og Slåtten skule, er utan veglys. Byggje veglys langs med 600 m kommunal veg. 20 stk. lyspunkt.		
Kommentar/ vurdering	Sjå punkt 2.5 NOTE 1. Kommunen har søkt om 50 % tilskot.		
	Tot. anleggskostnad	Søknadssum	Framlegg tilskot
	600 000.-	300 000.-	300 000.-
TILTAK 2:	Veglys Kyrkjevegen. Kommunal veg. Skulekrets Førde barneskule. Skulevegen over Toene/Kyrkjevegen, mellom Førde ungdomskule og Førde barneskule er dels utan veglys. Det står att ei strekning ved Toene på 300 m utan tilfredsstillande veglys. Kyrkjevegen er elles utbygd med veglys. 10 stk. lyspunkt.		

Kommentar/ vurdering	Sjå punkt 2.5 NOTE 1. Kommunen har søkt om 50 % tilskot.		
	Kostnadsoverslag	Søknadssum	Framlegg tilskot
	300 000.-	150 000.-	150 000.-
TILTAK 3:	Intensivbelysning gangfelt Flatane – Øvre Kleivane. Kommunal veg. Skulekrets Flatane/Halbrend. Utbetre gangfelt ved vegkryss Flatane/Øvre Kleivane, med intensivbelysning.		
Kommentar/ vurdering	Sjå punkt 2.5 NOTE 1. Kommunen har søkt om 50 % tilskot.		
	Kostnadsoverslag	Søknadssum	Framlegg tilskot
	100 000.-	50 000.-	50 000.-

NR 9:	Gaular kommune
TILTAK 1:	<p>Utarbeiding og gjennomføring av skiltplan Sande sentrum.</p> <p>Utarbeiding og gjennomføring av skiltplan for Sande sentrum for å løysa trafikkutfordringane i samband med levering/henting av skuleborn. Sande sentrum er eitt av dei mest trafikkfarlege områda i kommunen. Dette er peika på både av offentlege instansar, og av innbyggjarane og brukarane av sentrum. Den formelle statistikken seier lite om problema, men kommunen har mange døme på innrapporterte hendingar der det er tilfeldig at det ikkje har skjedd personskade eller verre. Særleg før og etter skuletida må mange harde og mjuke trafikantar bruke dei same areala, og trafikkbiletet er uoversiktleg og komplisert. Dette gjeld særleg Gamlevegen frå E39 til Sande barnehage, Steia frå E39 til skuleplass på baksida av skulen, parkeringsplass foran butikken og brua over til vegkryss ved fv. 610. Frå sumaren 2016 vert E39 lagt utanfor Sande sentrum. Dette vil redusera trafikkmengda, men det vil ikkje løyse utfordringane ovanfor, sidan den lokale trafikken til og frå sentrum vil halda fram. I samband med omlegginga vert vegen gjennom sentrum omklassifisert til fylkesveg. Gaular kommune er i gang med utarbeiding av ny reguleringsplan for heile sentrum med tanke på omstilling frå gjennomfartsåre til lokal sentrumsgate. I dette planarbeidet ønskjer vi å leggje til rette for trygge og samanhengande ferdselsvegar for mjuke trafikantar. Samtidig ser vi at dette vil vera ei utfordring mellom brua, butikken og busshaldeplassen. Her trengs ei djupare analyse av kritiske punkt og gode forslag til løysingar for skilting, oppmerking og andre tiltak. Gaular kommune sin fleirbrukshall bak skulen genererer mykje trafikk etter skulen og i helgene ved større arrangement. Dette er ein ny situasjon i høve til trafikktryggingsplanen for 2012–2015. Kommunen ser det som naturleg at denne utfordringa også vert teke med i grunnlaget for arbeidet med skiltplan for sentrum. Sande skule skal laga ny utanomhusplan for skuleområdet. Denne planen vil i stor grad grense til offentlege trafikkareal</p>

	og det er viktig å sjå skiltplanen i lys av utanomhusplanen, der m.a. parkering for tilsette ved skulen er ei sentral utfordring.		
Kommentar/ vurdering	Vegvesenet er skiltmyndighet, og tek planlegging og kostnader ved skiltoppsett på rv. og fv. Tiltaket lite «spissa» mot skuleborn/skuleveg. Begrensa løyving. Kommunen har bra utteljing TIK-midlar siste 5 åra i høve til folketalet.		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	500 000.-	350 000.-	0.-
TILTAK 2:	Veglys langs E39 på Myrmel. Oppsetting av veglys på strekning for skulebarn til og frå busshaldeplass på Myrmel. Mykje trafikk, smal veg utan vegskulder og fartsgrense 60 km/t. Den aktuelle strekninga er skuleveg for barn som tek busser til og frå skulen på Sande og må gå langs vegen til og frå busstoppet. Det er svært små marginar mellom gåande langs vegen og møtande køyretøy. Gaular kommune har hatt dialog med vegvesenet om gatelys på denne strekka. Vegvesenet signaliserte i fjor eit tilskot utanom TIK-ordninga til tiltaket, men dette vart ikkje realisert etter ein diskusjon om trase for gatelysa. Forslaget gjekk ut på å bruke eksisterande trase med straummaster. I denne søknaden legg kommunen opp til ein ny trase på motsette side, som kan vera enklare i høve oppsetting, sjølv om dette vil gje ulemper for drift av jordbruksareala.		
Kommentar/ vurdering	Sjå saksutgreiinga punkt 2.5 NOTE 1. Vegvesenet vil truleg kunne godkjenne vegbelysning her, med krav om at lysanlegget utførast i samsvar med gjeldande handbøker. Gaular kommune vil vere eigar av belysninga og ansvarleg for drift og vedlikehald. Det er ikkje uvanleg at det er kommunane som kostar veglysanlegg langs riksveg. Som det går fram av søknaden så har det allereie vore dialog mellom kommunen og vegvesenet i saka. Gjeld 10 stk. lampepunkt/ca 400 m veg.		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	209 000.-	146 000.-	146 000.-

NR 10: Gloppen kommune	
TILTAK 1:	Ny trafikktryggingplan for Gloppen kommune – planarbeid. Gloppen kommune sin plan for veg og trafikktrygging vart vedteken i kommunestyresak 015/11, 22.11.2011. Dette var i hovudsak ei rullering av tiltaksplanen. Det er no behov for å fornye heile planverket for veg og trafikktrygging i Gloppen kommune.
Kommentar/ vurdering	<i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt D.1.1: «Påverke ved informasjon/retteleiing til utarbeiding og revisjon av kommunale trafikktryggingplanar – få dette inn som ein laupande aktivitet.»

	Planarbeid er nemnt spesifikt i formålet i «Instruks for forvaltning av tilskot til trafikktryggingstiltak i kommunane».		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	150 000.-	112 000.-	90 000.-
TILTAK 2:	Veglys og fartshumpar strekninga Vereide–Apalset bustadfelt. Kommunal veg. På strekninga langs fortauet ved Åsavegen var det 2 stk. veglys tidlegare. Dette gir dårleg belysning, og for å få eit veglys av normal standard er det behov for 7 stk. nye veglys på strekninga. Frå bebuarane i Apalset bustadfelt er det kome søknad om veglys og fartshumpar på vegen inntil folkehøgskulen på Vereide. I bustadfeltet er det mange småbarnsforeldre som står bak søknaden. Nordfjord Folkehøgskule har mange elvar som går, sykklar og trimmar langs denne vegstrekninga. Rådmannen meiner begge desse tiltaka er gode trafikktryggingstiltak.		
Kommentar/ vurdering	Sjå saksutgreiinga punkt 2.5 NOTE 1 og NOTE 2. Plankartet syner 22 stk. lyspunkt.		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	360 000.-	270 000.-	216 000.-

NR 12: Hornindal kommune			
TILTAK 1:	Fartshump Kyrkjehornsbakkane bustadfelt. Auka busetjing og diverse anleggsarbeid i området har ført til større trafikk til og frå Kyrkjehornsbakkan, og Langlo Grodås skriv at .. «ein del av trafikken held relativt høg fart, spesielt på veg inn i byggjefeltet forbi min garasje. Dette er eit område med dårleg oversikt på grunn av det ligg på ein bakketopp. Her er mange små born i byggjefeltet som vi ønskjer å verne. Håpar dette klan la seg ordna.» I dag er det ingen fartsreduserande tiltak på tilkomstvegen til Kyrkjehornsbakkane, men ved inngangen til feltet er fartsgrensa sett til 40 km/t. Det er ikkje utført fartsmålingar, men dersom farten vert redusert frå 40 km/t til 30 km/t ved skilting, og meir enn 15 % av køyretøya framleis overskrid den gamle fartsgrensa 40 km/t skal det etter regelverket etablerast fysiske fartsdempande tiltak.		
Kommentar/ vurdering	Sjå saksutgreiinga punkt 2.5 NOTE 2. Tiltaket gjeld på kommunal veg.		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	31 250.-	23 500.-	18 750.-

NR 14: Høyanger kommune			
TILTAK 1:	Oppmerking, skilt og fartsdemparar ved skular og barnehagar i Høyanger kommune. Oppmerking av parkeringsplassar, «Rygg på plass»-skilt, «Parkering forbode»-skilt og fartsdemparar (først og fremst ved Lavik skule). Prosjektet er lokalisert til tettstadane Høyanger, Kyrkjebø, Vadheim, Lavik og Bjordal. Områda som er aktuelle er nærområda til skulane og barnehagane.		
Kommentar/ vurdering	Sjå saksutgreiinga punkt 2.5 NOTE 2. <i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt B.4.5: «Trygg utforming av trafikkområda ved skular.»		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	290 000.-	200 000.-	174 000.-
TILTAK 2:	Sikringsjerde mot Daleelva i Høyanger sentrum. Strekninga langs elva gjennom Høyanger sentrum er mykje nytta som skuleveg for born og unge som er busett i sentrumsområdet og på Sæbøtangen. Dagens gjerde består av liggjande plankar som er lette å klatre på, samstundes som det er for lågt. Høyanger kommune planlegg i utgangspunktet nytt gjerde på ei lengre strekning enn omsøkt i denne samanheng (ca 400–500 m), men ser ikkje resten av strekkinga som relevant m.o.t. trafikktryggleik. Det er ønskjeleg å setje opp nytt gjerde som er høgare (og ikkje lett å klatre på).		
Kommentar/ vurdering	Sikring av (mjuke) trafikantar mot stup, vatn, m.m. er i samsvar med normalar.		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	180 000.-	135 000.-	108 000.-

NR 15: Jølster kommune			
TILTAK 1:	Rekkverk kommunale vegar. Gjeld rekkverk i Årsetbakkane, og rekkverk på bru ved Øvre Åsen.		
Kommentar/ vurdering	Sjå saksutgreiinga punkt 2.5 NOTE 2. <i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt B.5.1: «Oppsetjing av rekkverk. Arbeide for rekkverk også på kommunale vegar.» Begrensa løyving.		
Kostnad/ Tilskot	Tot. anleggskostnad	Søknadssum	Framlegg tilskot
	132 000.-	99 000.-	0.-
TILTAK 2:	Veglys langs kommunale vegar. Etablering av veglys for sikring av dei mjuke trafikantane på utsette strekningar. Gjeld på vegtilkomst til Skei skule, tilkomst til Vassenden skule og til Myklebustgrenda.		

Kommentar/ vurdering	Sjå saksutgreiinga punkt 2.5 NOTE 1.		
Kostnad/ Tilskot	Kostnadsoverslag	Søknadssum	Framlegg tilskot
	160 000.-	120 000.-	75 000.-
TILTAK 3:	Gangveg og veglys langs fv. 454. Etablering av veglys for sikring av dei mjuke trafikantane på fv. 454 frå E39 til Borgja og frå E39 til kyrkja, Ålhus. Begge strekningane er mykje brukt av mjuke trafikantar og det manglar gangveg ved sida av fylkesvegen.		
Kommentar/ vurdering	Sjå saksutgreiinga punkt 2.5 NOTE 1 og NOTE 2. <i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt. B.4.2: «Arbeida for auka utbyggingstakt for gang- og sykkelveg. Dette gjeld både riksvegar, fylkesvegar og kommunale vegar.» Begrensa løyving.		
Kostnad/ Tilskot	Kostnadsoverslag	Søknadssum	Framlegg tilskot
	700 000.-	525 000.-	0.-
TILTAK 4:	Rekkverk langs kommunale vegar. Gjeld rekkverk kv. ved Førde, kv. 18 (vest for Paulsvatnet) delar av kv. til Dvergsdalen, kv. 65 ved Myklebust, del av kv. Hjellebrekkfeltet, kv. 999 (Furuholen) del av kv. I Hjellebrekkfeltet, kv. 4680 (Storetrævegen). Bl.a. skulebussen køyrer her.		
Kommentar/ vurdering	Sjå saksutgreiinga punkt 2.5 NOTE 3. <i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt B.5.1: «Oppsetjing av rekkverk. Arbeide for rekkverk også på kommunale vegar.» Begrensa løyving.		
Kostnad/ Tilskot	Kostnadsoverslag	Søknadssum	Framlegg tilskot
	310 000.-	232 500.-	0.-
TILTAK 5	Rekkverk langs kommunale vegar (brurekkverk). Montere rekkverk på (endane av) bruene over Lundaelvabruene, Sygnesandelvabrua, Befringsbrua 1, Befringsbrua 4, Årdalselvabrua 1, Årdalselvabrua 2, bakkeslåttane, Legrovbakke, Dvergadalselvabrua og Sægrovabrua.		
Kommentar/ vurdering	Sjå saksutgreiinga punkt 2.5 NOTE 3. <i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt B.5.1: «Oppsetjing av rekkverk. Arbeide for rekkverk også på kommunale vegar.» Begrensa løyving.		
Kostnad/ Tilskot	Kostnadsoverslag	Søknadssum	Framlegg tilskot
	392 000.-	294 000.-	0.-
TILTAK 6	Fartshumpar kommunal veg. Etablering av fartshumpar i Hjellebrekkfeltet, Langhaugane og Årsetbakkane byggjefelt på Vassenden. Vegane vert nytta som skuleveg for svært mange av borna som går på Vassenden skule. I tillegg er det nærmiljø med leik og barnehage i området.		
Kommentar/ vurdering	Sjå saksutgreiinga punkt 2.5 NOTE 2.		
Kostnad/ Tilskot	Kostnadsoverslag	Søknadssum	Framlegg tilskot
	120 000.-	90 000.-	72 000.-

TILTAK 7	Tilkomst og trafikkavvikling ved Skei skule – planarbeid. Det er trafikale utfordringar knytt til skulebuss og anna trafikk i og ved skuleområdet. Dette gjev ei særskilt utfordring for dei mjuke trafikantane. Jølster kommune vil i første omgang få planlagt tilfredsstillande tilkomst og trafikkavvikling i og ved skuleområdet for seinare å gjennomføra tiltaka.		
Kommentar/ vurdering	<p><i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt B.4.5: «Trygg utforming av trafikkområda ved skular.»</p> <p><i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt D.1.1: «Påverke ved informasjon/ rettleiing til utarbeiding og revisjon av kommunale trafikktryggingssplanar. Få dette inn som ein laupande aktivitet.»</p> <p>Planarbeid er nemnt spesifikt i formålet i «Instruks for forvaltning av tilskot til trafikktryggingstiltak i kommunane».</p>		
Kostnad/ Tilskot	Kostnadsoverslag	Søknadssum	Framlegg tilskot
	200 000.-	150 000.-	120 000.-

NR 17: Luster kommune			
TILTAK 1:	Etablering av fortau busslomme Hestnes. Kommunen ønskjer å etablere fortau framfor leskuret på busslommen. I dag er det stor nivåforskjell på plassen. Eit fortau på om lag 20 m framfor leskuret vil gjere forholda tryggare – plassen vert «stramma opp» og ungane vil vite kvar dei skal stå.		
Kommentar/ vurdering	<i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt B.4: «Fysiske tiltak for mjuke trafikantar, særleg born.»)		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	87 924.-	65 943.-	52 754.-
TILTAK 2:	Oppstramming av kryssområde ved bensinstasjon på Hestnes. Dagens situasjon i området er uoversiktleg. Det er etablert «fortau» av nedsenka storgatestein gjennom krysset, men området er altfor «utflytande». Kommunen ønskjer å stramme opp krysset ved bruk av kantstein i bakkant av fortauet, og innsnevring av krysset.		
Kommentar/ vurdering	Tiltaket meiner vi vil bidra til tryggare forhold både for mjuke trafikantar og køyretøy.		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	78 829.-	59 122.-	47 297.-
TILTAK 3:	Heva gangfelt fv. 337 ved Vegaskjelet. Fleire skuleelevar nyttar Krekavegen som tilkomst til skulen på Hafslø. Elevane må krysse fv. 337 ved Vegaskjelet for å komme inn på gang- og		

	sykkelvegen vidare mot skuleområdet. Kommunen ønskjer å etablera eit heva gangfelt over fylkesvegen. Tiltaket har tidlegare vorte avlege av statens vegveen, men kommunen ønskjer å prioritere dette tiltaket, og ber om ny vurdering.		
Kommentar/ vurdering	Som det går fram av søknaden så har tiltaket tidlegare vorte avlege av statens vegveen. Dette med grunngjeving i at ein meiner tal kryssande ikkje tilfredsstillar gangfeltkriteria. I tillegg skal korkje gangfelt eller fysiske fartsdempande tiltak etablerast i 60 km/t sone, – slik som her. «Ny søknad» frå kommunen må handsamast etter regelverket, og eventuelt tilskot avventa nytt vedtak.		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr. 75 797.–	Søknadssum kr. 56 848.–	Framlegg tilskot kr. 0.–
TILTAK 4:	Merking gangfelt kommuneveg Hafslo sentrum. Det er gang- og sykkelveg gjennom Hafslo sentrum, men det manglar oppmerking av gangfelt over den kommunale vegen ned til skulane. Kommunen ønskjer å merke opp gangfelt.		
Kommentar/ vurdering	<i>Trafikksikkerhetshåndboken (TØI): «Tiltak som ikkje har statistisk pålitelige virkningar på antall ulykker omfatter,gangfelt på 2-felts veger utan supplerende tiltak,»</i> Gangfelt er først og fremst eit framkommelegheitstiltak for mjuke trafikantar, ikkje eit trafikksikkerheitstiltak.		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr. 6 064.–	Søknadssum kr. 4 548.–	Framlegg tilskot kr. 0.–
TILTAK 5:	Merking gangfelt Dale sentrum. Gjeld merking av gangfelt over fv. 55 i Dale sentrum. Mellom Joker-butikken i Dale og gangvegen på andre sida av fylkesvegen er det ikkje gangfelt. Det er mykje kryssing av vegen på dette punktet, og kommunen ønskjer at det vert merka opp gangfelt. Kommunen ber om at statens vegvesen vurderer tiltaket.		
Kommentar/ vurdering	<i>Trafikksikkerhetshåndboken (TØI): «Tiltak som ikkje har statistisk pålitelige virkningar på antall ulykker omfatter er.....,gangfelt på 2-felts veger utan supplerende tiltak, ...»</i> Som det går fram av søknaden så har tiltaket tidlegare vorte avlege av statens vegvesen. Dette med grunngjeving i at ein meiner tal kryssande ikkje tilfredsstillar gangfeltkriteria. Det er heller ikkje lagt til rette med anlegg for gåande på sidene av fylkesvegen, i kvar ende av gangfeltet. Dette bør også vera på plass ved oppmerking av gangfelt. «Ny søknad» frå kommunen må handsamast etter regelverket, og eventuelt tilskot avventa nytt vedtak		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr. 6 064.–	Søknadssum kr. 4 548.–	Framlegg tilskot kr. 0.–

TILTAK 6:	Utarbeiding av plan uteområde ved Gaupne skule. Trafikksituasjon/uteområde ved Gaupne skule er svært uoversiktleg. Tilkomst frå busshaldeplass, gangveg gjennom området, varelevering på dagtid og lovleg innkøyring etter kl. 1600. Kommunen ønskjer at det vert utarbeida ein plan for uteområdet som tek vare på dei ulike plassane.		
Kommentar/ vurdering	<p><i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt B.4.5: «Trygg utforming av trafikk-områda ved skular.»</p> <p><i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt D.1.1: «Påverke ved informasjon/ rettleiing til utarbeiding og revisjon av kommunale trafikktryggingssplanar. Få dette inn som ein laupande aktivitet.»</p> <p>Planarbeid er nemnt spesifikt i formålet i «Instruks for forvaltning av tilskot til trafikktryggingstiltak i kommunane».</p>		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	50 000.-	37 500.-	30 000.-

NR 18: Lærdal kommune			
TILTAK 1:	Snuplass for bussar på Steinklepp. Ordne snuplass med kantstopp til skulebuss mellom kommunehus og brannstasjon slik at ein slepp å rygga. Det er i dag ikkje mogeleg for bussar å snu ved skulen utan å rygge. Dette skaper farlege situasjonar med skuleborn ned til 6 årsalderen.		
Kommentar/ vurdering	<i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt B.4.5: «Trygg utforming av trafikkområda ved skular.»		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	250 000.-	187 500.-	187 500.-
TILTAK 2:	Fartsdemparar Telthusvegen/Bergo. I forbindelse med at det vart avkøyrsel frå den kommunale vegen Telthusvegen direkte til riksveg 5, har gjennomgangstrafikken i Telthusvegen økt. Det er 30 sone i vegen, men hastigheita er høgare då vegen er forholdsvis rett, utan naturlege fartsreducerande tiltak. Det er også delvis dårleg sikt i kryss med andre kommunale vegar. Gjer framlegg om å etablere 3 stk. fartsdemparar i samsvar med gjeldande reguleringsplan for Bergo.		
Kommentar/ vurdering	Sjå saksutgreiinga punkt 2.5 NOTE 2.		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	60 000.-	45 000.-	36 000.-

TILTAK 3:	Diverse skilt. –Montere skilt 713 «Varelevering til skulen». Varelevering til skulen er på baksida av skulen, og det er ikkje skilt kor ein skal køyre. Dette medfører unødig køyring forbi skulen. –I tillegg er det ønskje om å skilta med «Barn leikar»-skilt i Ofta Aust og Skaffarøyeni, 2 stk. skilt.		
Kommentar/ vurdering	Skilting for varelevering meiner vi i samsvar med handlingsplan pkt. 4.3.1 «Gjere områda rundt barnehagar og skular trygge». Tilrår tilskot.		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	10 000.-	7 500.-	6 000.-

NR 19: Naustdal kommune			
TILTAK 1:	Fortau ved Naustdal skule. Gjeld fortau nordover på strekket frå skulen til kryss avkøyring før Berelvbrua, og bilsperre m.m. for stenging av brua for køyrande, i samsvar med reguleringsplan. På dette strekket er det framleis i dag blanda trafikk på vegen: biltrafikk til helsesenter, barnehage og bustader saman med skuleborn til fots og sykkel. Det er aktuelt med ny bustadbygging i området. Skissert fortau kompletterer opprusting av Berbellene-vegen, og separasjon av mjuke trafikantar frå biltrafikk.		
Kommentar/ vurdering	<i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> pkt. B.4.2. «Arbeide for auka utbyggingstakt for gang- og sykkelvegar. Dette gjeld både riksvegar, fylkesvegar og kommunale vegar.»		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	1 620 380.-	750 000.-	350 000.-

Nr. 20: Selje kommune	
TILTAK 1:	Opparbeiding av P-plass i tilknytning til Flatraket skule. Stort behov for dei tilsette, men også for foreldre i samband med transport av barn til og frå skulen. Får slutt på den tilfeldige parkeringa som foregår i dag, og i tillegg gjere foreldretransporten av barna tryggare. Ved bygging/tilrettelegging av parkeringsareal i samsvar med reguleringsplanen, vil ein fjerne den tilfeldige parkeringa som foregår i dag, og i tillegg gjere foreldretransporten av barna tryggare.
Kommentar/ vurdering:	<i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt B.4.5: «Trygg utforming av trafikkområda ved skular.»

Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskostnad	Søknadssum	Framlegg tilskot
	600 000.-	450 000.-	360 000.-
TILTAK 2	Asfaltering av gang- og sykkelveg, Leikanger på Stadtlandet. Vegen vart bygt for TIK-midlar 2013. Det vart då prioritert å kome lengst mogleg for tilgjengelege midlar, for å få gåande bort frå fylkesvegen på lengst mogleg strekning. Sjølv om ein i stor grad har lukkast med dette ved å gje dei eit alternativ, registrerer vi at vegen ikkje vert brukt i den grad ein kunne ønskje då det ikkje er fast dekke på den. Ved dekkelegging av vegen vil fleire bruke den. Dette har vi erfaring for frå tidlegare prosjekt.		
Kommentar/ vurdering	Tiltaket med legging av fast dekke bidreg truleg i liten grad til auka bruk av g/s-vegen, i staden for køyrevegen. Begrensa løyving. Kommunen har god utteljing TIK-midlar siste 5 åra i høve til folketalet.		
Kostnad/ tilskot	Kostnadsoverslag	Søknadssum	Framlegg tilskot
	100 000.-	75 000.-	0.-

NR 21: Sogndal kommune			
TILTAK 1:	Forbetre av-/påstigning skulebuss ved Fjærland skule. Når elevar går av og på bussen i Fjærland skjer dette ved at bussen stoppar i den kommunale vegen og elevane må krysse vegen i samband med dette. Dette gjer ein av di snuplassen som vert nytta i dag er sett på som lite trygg å snu på. Ved å lage ein kombinert snuplass og busstopp vil ein unngå at skuleborn kryssar vegen ved skulen i Fjærland om morgonen når dei skal til skulen.		
Kommentar/ vurdering	Gjeld sikring av snuplass som vert brukt i samband med skuleskyss. Sjå saksutgreiinga punkt 2.5 NOTE 3. <i>Fylkeskommunal handlingsplan</i> punkt B.4.5: «Trygg utforming av trafikkområda ved skular.» Tiltaket er på fv. 152. Kommunen har opplyst pr. telefon at i dag stig skuleborna av bussen (frå Fjærland sentrum) på høgre sida ved fv., og må kryssa over denne (for å koma til skulesida). Dette fordi ein meiner snuplassen for bussen er utrygg. Ved å utbetre snuplassen (gjere den trygg å snu på), kan bussen snu først, og så køyre attende til skulen og sleppe av borna på «rett» side av vegen i høve til skulen, slik at dei slepp å krysse fv. Sikring av snuplassen vil og hindra utforkøyringsulukke.		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	145 000.-	108 750.-	87 000.-
TILTAK 2:	Lys gangveggar mellom Rutlin og Kvåle skule. Montere gatelys i gangvegen mellom Rutlin og Dalavegen, og mellom Dalavegen og Campus. Ein vil med dette tiltaket få ei tryggare kryssing av		

	<p>gangfelt i Dalavegen ved at kryssingspunktet på fylkesveg 211 Dalavegen vert betre opplyst. Sikre skuleveg ved hjelp av betre opplyst kryssingspunkt og gatelys langs gangveg på begge sider av kryssingspunkt. For å unngå at skuleelevar nyttar den sterkt trafikkerte fylkesvegen (fv.211) og Trolladalen som skuleveg, ønskjer vi å leggje forholda til rette for at dei gangstiane som er i området har så optimale forhold som mogleg råd slik at dei vert nytta av dei gåande. Kvåle skule er ein ungdomskule som ligg i same området som idrettsanlegget, høgskulen og die vidaregåande skulane i Sogndal. Dette i tillegg til arbeidskøyring og handling genererer til intern trafikk av både fotgjengarar, syklande og bilar i området. Dei lokale er kjende med den høge trafikken i Trolladalen i samband med skulestart og skuleslutt på dagen. Ved å leggje forholda til rette for bruk av gangvegar inn mot skulane, får ein redusere mengda av mjuke trafikantar opp og ned Trolladalen. Vi får også ein tryggare veg til og frå dei mange fritidsaktivitetane som er på Campusområdet på kveldstid ved at dei vil få ein belyst gangveg til og frå Campusområdet. Ved å sette opp gatelys mellom Rutlin og Kvåle skule, meiner ein at ein vil få redusert gangtrafikken langs Dalavegen og Trolladalen, og vi får ein tryggare veg for alle som nyttar vegen.</p>		
Kommentar/ vurdering	<p>Sjå saksutgreiinga punkt 2.5 NOTE 1. Veglysanlegget gjeld m.a. kryssing av fv. 211.Veglysanlegget vil truleg bidra til at gangveg vert meir attraktiv å brukaframfor bilvegar.</p>		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	150 000.-	112 500.-	90 000.-
TILTAK 3:	<p>Gatelys Vestrheim Skogavegen. Montere gatelys på ei strekning langs med vegen på 250 m. Kaupanger har eigen skule, barnehage idrettslag samt kor og musikklag. Dette i tillegg til arbeidskøyring og handling genererer til intern trafikk av både fortgjengarar, syklande og bilar. Størsteparten av tungtrafikken går på riksvegen, men ein god del går også på det lokale trafikksystemet. I området er det ein kommunal veg på ca 4,5 m breidde i snitt som ikkje har nokon form for vegbelysning. I tillegg til at dette er ein strekt trafikkert skuleveg er den også mykje brukt som eit rekreasjonsområde på kveldstid og helgar for ulike fritidsaktivitetar. Ved å setje opp gatelys på delar av vegen mellom Vestreheim og Skogavegen oppnår ei ein tryggare veg for alle farande langs med vegen, og vi får ein tryggare skuleveg for dei elevane som må gå langs med vegen for koma til og frå skulen.</p>		
Kommentar/ vurdering	<p>Sjå saksutgreiinga punkt 2.5 NOTE 1. Begrensa løyving. Kommunen har forholdsvis høg utteljing TIK-midlar siste 5 åra i høve til folketalet.</p>		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	155 000.-	116 250.-	0.-

NR 22: Solund kommune			
TILTAK 1:	Veglys Storehaugen. Tilkomstveg i sør til bustadfeltet Storehaugen manglar veglys. Det er skuleveg for mange, samt tilkomst til idrettspalass, skatepark, eit mykje nytta friområde og det som i arealplanen for kommunen skal bli eit framtidig bustadfelt i Prestegardsmarka. Mange brukar vegen, og det er den kortaste for barn og ungdom i bustadfeltet i Sildevika og Håneset, som skal inn i dette området. Det vert søkt om tilskot til veglys frå fv. 606 og til avkøyrsløse til idrettsbane/skatepark.		
Kommentar/ vurdering	Sjå saksutgreiinga punkt 2.5 NOTE 1.		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	235 632.-	176 724.-	141 379.-
TILTAK 2:	Veglys Leknessund/Leknesøyna. Eksisterande gateløys stoppar ca 55 m frå busstopp i Leknessund, samt at det manglar lyspunkt i kryss mellom veg til privat byggjefelt på Leknesøyna og fv. 32 samt på snuplass ved byggjefelt. Ved utviding av det eksisterande veglyset vil trafikktryggleiken bli mykje betre på denne staden. Det er søkt om veglys for å supplere eksisterande veglys i området. På Leknesøyna er det ein stor snuplass som blir brukt som busstopp samt avkøyrsløse til privat veg inn til eit bustadområde. Plassen og avkøyrsla må ha lys, den og vegen er mykje brukt både av skuleborn og andre. I Leknessund er kryss mellom fv. og kv. dårleg opplyst, samt at det manglar veglys på busstopp. Det er difor viktig som trafikktrygging med veglys i desse områda.		
Kommentar/ vurdering	Sjå saksutgreiinga punkt 2.5 NOTE 1.		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	92 669.-	69 502.-	55 601.-
TILTAK 3:	Sikring privat avkøyrsløse – fv. 606 i Nessa. Dårleg sikt frå privat avkøyrsløse, ein kjem rett ut i vegen på ein bein strekke.		
Kommentar/ vurdering	Gjeld avkøyrsløse frå 1 stk. bustadhus. Etter vegloven er det avkøyrsløseigar sitt ansvar å oppretthalde tilfredsstillande sikttilhøve i eiga avkøyrsløse. (Det er ikkje registret ulukker med personskade på staden dei siste 10 åra. Årsdøgntrafikk 200 køyretøy. Tiltaket vil såleis koma få brukarar til «nytte». Sikta kan gjerast monaleg betre med relativt små midlar.)		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	60 000.-	45 000.-	0.-
TILTAK 4:	Veglys Sponevika Busstopp ved privathus med skuleelev manglar veglys. Stoppen ligg ved industriområdet Sponevika og det er stor trafikk morgon og kveld ved denne busstoppen. Farten i området er 80 km/t. Busstoppen ved Sponevika er mykje brukt både av skuleungdomar og andre fork som grensar til dette		

	stoppunktet. Det er difor viktig som trafikktrygging med veglys i dette området.		
Kommentar/ vurdering	Sjå saksutgreiinga punkt 2.5 NOTE 1. Begrensa løyving. Kommunen har forholdsvis høg utteljing TIK-midlar siste 5 åra i høve til folketalet.) (I følge www.fylkesatlas.no er det 1 stk. skuleelev med kommunalt skyssvedtak som soknar til busstoppen.)		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	107 600.-	80 700.-	0.-

Nr. 23: Stryn kommune			
TILTAK 1:	Veglys ved Sagedammen langs fv. 698. Nordsida utviklingslag har over lang tid utvikla og drive kultur-/aktivitets-området ved Sagedammen, som ligg inntil fv. 698. Området har utvikla seg over tid. Her er utandørs amfi-scene med tribune i 2014 i samband med teaterframsyningar, konsertar m.m. Også mange barnehagar besøker staden/området ofte, der parkeringsplassen er sentralt punkt. Parkeringsplassen ved fv. vert også nytta i samband med kulturløypa i området – som går på begge sider av fv. Staden Sagedammen og området rundt er mykje brukt. Eit veglysanlegg langs fv. vil her auke trafikktryggleiken for dei mjuke trafikantane som ferdast langs fv. her. I tillegg vil lysanlegget også gje belysning for parkeringsplassen som ligg inntil fv.		
Kommentar/ vurdering	Sjå saksutgreiinga punkt 2.5 NOTE 1. Vurderer TS-effekten som mindre, vurdert opp mot andre veglyssøknader. Begrensa løyving. Kommunen har ei rimeleg utteljing TIK-midlar siste 5 åra i høve til folketalet.		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	300 000.-	180 000.-	0.-

NR 24: Vik kommune			
TILTAK 1:	Heva gangfelt rv. 13 ved Flatbygdi skule. Høg fart kombinert med skuleveg. Det einaste tiltaket som nyttar er fartshumpar/opphøga gangfelt.		
Kommentarar/ vurdering:	Sjå saksutgreiinga punkt 2.5 NOTE 2. Det bør utførast fartsmålingar for å fastslå dagens fartsnivå, – og behovet for fartsdempande tiltak.		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskostnad	Søknadssum	Framlegg tilskot
	66 000.-	49 500.-	0.-
TILTAK 2:	Spegel og rekkverk fv. 183 ved Synet i Fresvik. Uoversiktleg og bratt skråning utan rekkverk. Spegel vil hjelpa med oversikt.		

Kommentar/ vurdering	Sjå saksutgreiing punkt 2.5 NOTE 3. Spegel i sving/avkøyrsløse er ikkje vurdert som trafikksikkerheitstiltak. Tilskot kun til rekkverket.		
Kostnad/ tilskot	Kostnadsoverslag	Søknadssum	Framlegg tilskot
	70 000.– (sjå komm.)	60 000	42 000.–
TILTAK 3:	Fartshumpar fv. 92 i Vik-Flatbygd. Gjeld etablering av 3 stk. fartshumpar. Tunge køyretøy og skulevegen for 2 småe jenter i alderen 6 og 8 år.		
Kommentar/ vurdering	Sjå saksutgreiinga punkt 2.5 NOTE 2. Det bør utførast fartsmålingar for å fastslå dagens fartsnivå, – og behovet for fartsdempande tiltak.		
Kostnad/ tilskot	Kostnadsoverslag	Søknadssum	Framlegg tilskot
	66 000.–	49 500.–	0.–

NR 25: Vågsøy kommune			
TILTAK 1:	Ny vei mellom gate 6A og Idrettsveien. Bygging av ny vei mellom gate 6A og Idrettsveien for å avlaste deler av sentrum. All trafikk til/frå øvre delar av Måløy må gå gjennom to veikryss i gate 5. Begge kryssa er i nærheiten av ungdomsskulen og Skram skule. Høg trafikkbelastning i desse to kryssa utgjer et stort trafikksikkerhetsproblem for elevane til og frå begge skulane. Videre er det svært stor aktivitet knyttet til idrettsanlegget Måløy stadion og Trollskogen barnehage med ca 70 barnehageplassar. Området Måløy stadion er og utgangspunkt for ca 3 km trimløype og utgangspunkt for fjellturar. Dette medfører ein betydeleg trafikk frå øvre delar av Måløy som må ned til gate 4 og 5. Bygging av den nye vegen vil medføra at den trafikken går parallelt med gate nettet. Den nye vegen fordeler trafikken i Måløy på ein langt betre måte enn i dag, tiltaket er å rekna som eit særst godt trafikksikringstiltak i sentrum. Skram skulekrets		
Kommentar/ vurdering:	Tiltaket lite «spissa» i høve til formålet med TIK-ordninga. Trafikktryggleiksgevinsten er usikker. Høg kostnad.		
Kostnad/ tilskot:	Tot. Anleggskostnad kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	4 000 000.–	1 200 000.–	0.–

NR 26: Årdal kommune			
TILTAK 1:	Gatelys Strandavegen-Øvstetunsvegen-Farnesvegen. Søker om TIK-midler til utskifting av gamle gatelys på strekninga Strandavegen-Øvstetunsvegen-Farnesvegen. Dette er strekningar som leder dei mjuke trafikantane mot skulane i Øvre Årdal. Problemet i dag er gammalt og dårleg lyskilde. Nye gatelys fører til at dei mjuke trafikantane lettare blir sett i mørkret.		
Kommentar/ vurdering	Sjå saksutgreiinga punkt 2.5 NOTE 1.		
Kostnad/ tilskot	Tot. anleggskost. kr.	Søknadssum kr.	Framlegg tilskot kr.
	721 000.-	721 000.-	402 319.-